

Gøy med leikeprega trening på Heio.

25.05.2014



Ivrig gjeng!

Ein snøfattig vinter, og dertil vanskelege skitilhøve, er ikkje nok til å setje ein stoppar på den gode aktiviteten i skigruppa i idrettslaget. Sjølv om skisesongen no er inne i ein rolegare periode, inviterte den kreative og dyktige skigruppa til samling med leikeprega treningsaktivitetar på Heio laurdag ettermiddag. Det vart ein suksess!



Klar for stafett.

Bakgrunnen for samlinga var mellom anna å visa at allsidige leikeaktivitetar er god trening. Det er viktig å ha det gøy i treningsarbeidet. Dette vart understreka av både Cathrine og Pål Haugland ved starten av økta. Ein annan god grunn for å samlast er å ta vare på det gode sosiale miljøet i skigruppa. Skigruppeleiinga var spent på oppmøte og mottaking av det nye tiltaket. La det vere sagt med ein gang: det vart ein solid suksess!! Tilbakemeldingane gjekk på at dette var verkeleg gøy, og frammøtet var godt over 30. Det var ein flott miks av barn, ungdom og foreldre, og aldersspennet var frå nokre få år til den inspirerande nestoren Pål Haugland som er godt oppe i 60-åra.



Kyndig instruksjon av Cathrine Haugland

Leiken og moroa prega aktivitetane som vart kyndig leia av Cathrine Haugland. Det vart ei særdeles hyggeleg 'treningsøkt' i det strålende veret. Innhaldet varierte frå konkurransar og kjekke stafettar til intervalltrening, volleyball og fotball.

Samkoma vart runda av med is og saft til borna, og det var drøs rundt kaffien for dei vaksne medan borna fortsette leiken. Stemningen understreka det som vart sagt: dette var gøy!



Gøy med flaskestafett!

Den nye leiaren i skigruppa, Knut Johannes Ripel, seier at samlinga var så vellukka at det vil verta fulgt opp med fleire samlingar gjennom sommaren. Når desse samlingane blir, vil verta gjort kjent på uskedalen.no. Forutan Knut Johannes er desse i skigruppestyret: Kari Bråtun, Cathrine Haugland, Solveig Haugland, Sigurd Børve og Kjersti Bråtun.



God trening og aktivitet gjennom lek og moro.

Elles kan vi ikkje ha vore på Heio utan at vi nemner den fantastiske grasmatta. Trur sjeldan den har vore betre og finare. Det er tydeleg banemeister Steinar Haugland gjer ein god jobb!



Bøy og tøy høyrer med.

Foto: Kari Bråtun og Knut Johannes Ripel
Tekst og nett: Thor Inge Døssland